



Vi gratulerer G13-laget som puljevinnarar. Imponerande!!

I dag vart det innleiande gruppespelet avslutta i Norway Cup, og Rosendalslaga har gjort ein flott innsats! Smågutelaget tok heim ein imponerande puljesiger etter å ha gått gjennom dei innleiande rundane med tre solide singlar. I tillegg gjekk to lag til A-sluttspellet, medan to lag skal spela B-sluttspel.

G 15/16 (7`ar)

Rosendal 2 - Kviteseid/Seljord 0 - 5 (0 - 2).

Gutane verka slitne etter to gode kampar i går, m.a. kjepeinnsats mot det tyske laget TuS Felde i går kveld. Dermed vart det 0 - 5-tap. Dei går dermed til B-sluttspel.

Rosendal 1 - Suot 4 - 5 (1 - 2).

Begge lag var kvalifisert til A-sluttspel før kampen så her vart det kjempa om puljesigeren. Rosendal tok leiinga ved Marius S. Myklebust, men Sout kvitterte to ganger, og dermed leia dei sterke trønderane 2 - 1 ved pause. Rosendal jobba godt utover i 2.omgang, men Suot vart for sterke og vann til slutt 5 - 4. Jamn og god kamp mellom to sterke lag!

G 13/14 (7`ar)

Rosendal - Hjelmeland1 6 - 3 (1 - 2).

Hjelmeland kom best i gang og tok leiinga. Rosendal fekk ikkje spelet sitt til å gli i 1. omgang. Hjelmeland leia 2 - 1 ved pause. For Rosendal scora Sondre S. Myklebust etter eit flott gjennomspel av Karsten André Haugland. I 2.omgang vart det andre bollar!! Etter 3 strake mål(ekte hat trick) av kampens store spelar Mathias Guddal stod det brått 4 - 2 til Rosendal. Same spelar vart 4-målsscorar før kampen var slutt, og sluttresultatet vart 6 - 3. Dermed var puljesigeren sikra på imponerande vis. Gratulerer!!



Den dyktige ungdomsleieren, Arvid Nes, har god grunn til å vere nøgd i regnveret!

J 15/16 (11`ar)

Rosendal - Blindheim 2 - 1 (1 - 1).

Etter ein litt tung start kom jentene betre utover i 1. omgang. Blindheim tok leiinga, men Julie S. Olsen kvitterte for Rosendal før pause, og dermed var pauseresultatet 1 - 1. Ingeborg S. Ljostveit førte Rosendal i leiinga med scoring tidleg i 2.omgang. Utover i omgangen bølga spelet fram og tilbake, og Rosendal hadde fleire store sjansar. Mål vart det ikkje, og dermed ebba kampen ut med Rosendalsiger 2 - 1.

Spenninga var ikkje slutt med det! Hvis det danske laget Assenc FC slo Namsos med meir enn 4 mål seinare på dagen, ville A-sluttspel vera sikra. Slik gjekk det ikkje. Namsos vann 3 - 0, og dermed vert det B-sluttspel på jentene med hårfin margin etter flott innsats i ei sterk pulje.

J 13/14 (7`ar)

Rosendal - Korsvoll 3 - 2 (2 - 1).

Korsvoll scora først, men Rosendal kvitterte 2 ganger og dermed leia dei ved pause. I andre omgang scora laga kvart sitt mål. Dermed sikra Rosendal seg 3 - 2 siger og A-sluttspelplass. Flott levert.

Norway Cup held no fram med sluttspel. Då er det cup, og det er berre vinnarane som går vidare til neste kamp. Vi ønskjer dei 5 Rosendalslaga lukke til.



J 15. Jentene jublar etter siger og håper på A-sluttspel, etter kampslutt.

Av: Thor Inge Døsland
Foto: Rosendal Turnlag